



Før ein kan få lyslekkjene på plass må koplingskassen heisast opp

**Laurdag føremiddag var pyntegjengen i musikklaget og gjorde julegrana klar til tenning førstkommande fredag. Som vanleg var det Lars Myklebust, Knut Stensletten, Gunnvald Friheim og Ståle Eik som stod for jobben.**



Vel 70 år unge Gunnvald, i raud kjeledress, på veg til topps i grana.

I motsetnad til dei seinare åra var vergudane denne gongen absolutt på pyntegjengen si side. Medan pyntinga dei føregåande åra fleireganger har måtta utsetja pyntingsarbeidet, hadde dei i år dei beste forhold. I år var det Knut og vel 70 år unge Gunnvald som klatra til topps medan Ståle og Lars tok seg av jobben som bakkemannskap. Tidlegare i veka hadde Lars og Knut klargjort lekkjene for ein ny sesong.

Fredag samlar dei fire fleire frå musikklaget med seg, og dei syt då for juletonar når Grana vert tent. Det skjer i samband med den årvisse julemarknaden som pleier å trekkja folk frå heile kommunen.



Gjengen er i gang! Knut, Gunnvald og Lars.